



VEDTEKTER FOR SKULEFRITIDSORDNINGA I TOKKE KOMMUNE.

Vedteke i Tokke kommunestyre sak 23/97, med seinare endringar i K-sak 29/98, K-sak 36/02, K-sak 13/77, K-sak 16/31, 17/11 og K-sak 17/40.

Vedteke av Tokke kommunestyre i sak 19/10

1. Formål.

SFO (skulefritidsordninga) skal vere eit utanom den vanlege skulegangen for 1 – 4 trinn. Barn med særskilt behov, kan få tilbod om SFO plass til og med 7. trinn. Skulefritidsordninga (SFO) skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hjå barna. SFO skal gje barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma barn skal givast gode utviklingsvilkår. Barna har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø. Jf. Opplæringslova.

2. Eigartilhøve og styring.

Tokke kommune er eigar og drivar av SFO. Rektor/styrar er pedagogisk og administrativ ansvarleg, og dagleg leiar har ansvaret for den daglege drifta av SFO. Samarbeidsutvalet for skulen er styre for SFO. Den politiske administrasjonen av tilbodet er lagt til Oppvekstutvalet.

3. Opningstid.

SFO tilbodet skal i hovudsak vere oppe før og etter skuletid. Tilboda som gjevast til foreldra skal mest mogeleg vere brukartilpassa, innafor dei grensene kommunestyret set.

- A. Tokke skule sitt sfo tilbod har ei opningstid frå kl. 06.45 til 16.30. Dei andre sfo tilboda i kommunen har ei opningstid frå klokka 07.00 til 16.30. Alle sfo er opne 5 dagar pr. veka.
- B. SFO er stengd jole- og nyttårseftan.
- C. For at SFO i Tokke skal halde oppe i romjola og mellom palmesundag og skjærtorsdag (onsdag før skjærtorsdag er SFO ope til kl. 12.00) må det minimum vera 4 barn påmeldt. Der SFO er lokalisert til barnehagen, gjeld reglane i barnehagevedtekten punkt 8. Borna i SFO vert då medrekna i talet på plassar for å halde oppe. Så langt anna ikkje er bestemt.
- D. SFO vert stengt 4 veker i juli månad. Barnehagar/SFO må så langt mogeleg prøve å slå avdelingar saman i feriane. Så langt ikkje anna blir bestemt.
- E. Alle barn skal ha fire vekers ferie i skulens sommarferie. Tre av desse skal være samanhengande. Oppvekstsjefen kan, i samråd med styrar / rektor, i særlege tilfelle gjera unntak frå regelen om tre veker samanhengande ferie. Dette skal grunngjevast ut frå særskilde behov hjå barnet.

4. Normen for bemanning er 1 vaksen pr. 10 – 13 barn.

5. Betaling.

SFO vert driven med inntekter frå stat, kommune og foreldre.

Foreldre betalar for fast tilbod 10 månadar i året. ($\frac{1}{2}$ august, september – mai,

$\frac{1}{2}$ juni) Foreldre kan kjøpe ekstra dagar til dagspris i jole-, påske- og

skulesumarferie. Ekstra dagar i haust- og vinterferie ligg inni det faste tilbodet.

Påmelding til ekstradagar er økonomisk bindande og avtalast via påmeldingslister på førehand.

Det vert ikkje gjeve fråtrekk for fråvær eller dei dagane SFO er stengd. Betalinga er etterskotsvis. Kommunestyret vedtek sats for foreldrebetaling. Betalingssatsen vert justert januar kvart år.

Dei som kjøper ekstra tid, betalar etter rekning.

Syskenmoderasjon:

Full pris for barnet med høgast månadspolis.

50% for sysken nr. 2 – for barnet som har nest dyrast månadspolis

60% for sysken nr. 3 – for barnet som har tredje dyrast månadspolis

80% for sysken nr. 4 – for dei påfølgjande borna.

Merknad: Syskenmoderasjon blir sett i heilskap for føresette som har born i barnehage og SFO.

Syskenmoderasjonen blir årleg vurdert under budsjetthandsaminga.

Det blir normalt berre utskriven ein faktura for sysken. Det blir ikkje gjeve moderasjon på kostpengar.

Det er høve til søkje om økonomisk stønad til SFO plass.

6. Opptak

Søknad om opptak skal fremjast på elektronisk skjema. Søknadsfrist er 28.februar. Rektor/styrar er ansvarleg for opptaket. Oppvekstutvalet er klageinstans.

6.1. Opptaksriterier i prioritert rekkefylge.

- A. Barn med funksjonshemminger eller andre særskilde behov.
Dokumentasjon må ettersendast.
- B. Barn av einslege forsørgjerar i arbeid eller utdanning.
- C. Barn som har både foreldra i arbeid eller utdanning.
- D. Dersom ikkje alle søkerar får plass, får yngre barn plass framfor eldre.

6.2. Opptaksperiodar.

- A. Hovudopptak gjeld for eit skuleår om gongen.
- B. Foreldre/føresette kan søke om endring av tilbod gjeldande frå 01.01 med søknadsfrist 15.desember.
- C. Det kan likevel tildelast plass utanom opptak, dersom det er plass i SFO og ikkje krev auka bemanning.
- D. I særskilde høve kan oppvekstsjefen fråvike pkt. B.

6.3 Oppseiing av plass.

Tildela fast SFO plass kan seiast opp med varsel på 30 dagar.

Oppseiinga skal vera skriftleg. Det må betalast for plassen i oppseiingstida.

Kommunen kan seia opp plassen dersom føresette grovt eller gong på gong har forsømd pliktene sine etter dei retningsliner som gjeld for SFO.

7. Måltid.

Barn har med seg mat til måltida, om det ikkje er anna ordning.
Pris for eventuelle måltid blir fastsett til kostpris.

8. Leike- og oppholdsareal.

Lokala til SFO skal vera eigna til verksemda. Det skal vera gode leikemogelegeitir både ute og inne.

9. Oppstart av nytt år i SFO

SFO tek til 15. august, om ikkje det er lagt planleggingsdag på det tidspunkt. I såfall tek SFO til fyrste ordinære verkedag etter denne datoен.
5-åringane får sitt barnehagetilbod i SFO frå 1. august.